




Ein fottur rundt Hattebergfossen i kulturlandskapet ved Baroniet Rosendal

Around Hattebergfossen in the cultural landscape near Baroniet Rosendal



Baroniet, Rosendal.



Foto: Jostein Hatteberg.

Rute og ymse av interesse

Terrang: Grusveg og sti. Opp langs Hattebergfossen er det sti med bratt stigning, men store deler av turen er på fin grusveg.

Tid: 1-1½ time.

Turen starter frå parkeringsplassen ved rådhuset nede i sentrum. Turen går så over riksvegen, forbi Snikkeriet (1) og opp Prestegårdsvegen sør for Snikkeriet.

Turen følger grusvegen forbi Malmanger prestegard (2). Alleén (3) som fører frå sjøen, og over bakkane på Malmanger, markerer den gamle sjøvegen som går via prestegården til Baroniet Rosendal. Det staselege hovudhuset på prestegården er frå 1700-talet. Dei fleste bygningane på Prestegården er freda etter kulturminnelova.

På venstre sida av vegen kan de sjå inn på Hestasletto (4), ein mykje nytta stemneplass som ligg staseleg til mellom store steinblokker og surapaltre.

Like ovanfor møter de grinda inn til Omshagen. Omshagen er ein del av museet Baroniet Rosendal. Landskapet er særprega av store steinblokker som vart liggjande igjen etter at isen smelta bort ved slutten av siste istid, for ca. 10.000 år sidan. Grusvegen slynger seg fint gjennom landskapet i Omshagen.

Route and places of interest

Terrain: The walk goes along gravel roads and footpaths. Up towards Hattebergfossen (The Hatteberg Falls) the path is quite steep but most of way consists of good gravel roads.

Time: Just under one hour.

The walk starts at the car park at the Council Buildings in the centre. Cross the road, walk past **Snikkeriet** (1) and up Prestegårdsvegen to the south of Snikkeriet, (the Carpenters Shop).

The walk goes along the gravel road past **Malmanger Vicarage** (2). **Alléen** (3), which leads from the sea and over the hills at Malmanger, marks the old sea road that passes the Vicarage and leads to the Baroniet Rosendal. (lit: The Rosendal Barony)

The stately old main house at the Vicarage is from the 1700's. Most of the buildings at the Vicarage are protected National Monuments.

On the left hand side of the road you can see in towards **Hestasletto (The Paddock)** (4), a favourite meeting place for young lovers, lying idyllically between large stone blocks and crab-apple trees.



På venstre side ligg Omsbru (5), som går over Hattebergselva, og over til Rosendal Avlsgård og Baroniet Rosendal.

Turen fortset opp langs Hålandsbråtet i Øvre-Omshagen. I den bratte terrasse-skråningen ligg eit granplantefelt. Stølen (6), som vart kalla Skjenefloren vart tidlegare brukt i samband med mjølking av kyrne på Rosendal Avlsgård etter slepping om våren.

På andre sida av elva ligg husmannsplassen Treo (7). Treo ligg vakkert til mellom Hattebergselva og den romantiske landskapsparken ved Baroniet Rosendal, som vart skapt i siste halvdel av forrige århundre. Treo er i dag open som ein del av museet Baroniet Rosendal., med husdyr og aktivitetsdagar i sommarsongen.

Like ovanfor Treo ligg to gardsbruk. Det er Gjerdet (8) som ligg på flata nede ved elva, Fossberg (9) oppe på høgdedraget, og den grå bygningen på husmannsplassen Holo mot toppen av Skolten (10). Fjellnabben Skolten ligg i munningen av Muradalen, som strekkjer seg innover mellom dei høge fjella Melderskin, Laurdalstind og Malmangernuten.

Hattebergfossen (11) er eit viktig element i stamhusbesitter Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone sin romantiske landskapspark frå 1850-åra. Parken vart planlagt med utsiktspunkt mot landskapet rundt. Den til tider brusande, skumkvite fossen vert ein viktig del av opplevinga av parken og det landskapet parken ligg i.

Vegen opp langs Hattebergfossen er ein gammal drifteveg, som er i bruk når dyra skal inn på beitet i Muradalen eller til fjells. Etter stigningen langs Hattebergfossen går turen over brua til den andre sida av dalen.

På Fossbergslett i Muradalen ligg Baroniet Rosendal sin Skjeneflor (12), som til liks med Skjenefloren lenger nede også vart nytta til mjølking og lagring av tørrhøy frå utmarksslåttar i Muradalen. Floren er fint murt i granitt og med skifer på taket. Turen går så nedover dalen.

Den raude bygningen oppe i lisida er den gamle husmannsplassen Grønestølen (13). Bygningen er eit fint døme på den gamle byggeskikken med sambygd stovehus, løy og flor – alt under same tak!

Turen går så vidare på grusvegen forbi tre av bruka på Hatteberg. Hatteberg har i lange tider vore ein stor og sentral gard. I middelalderen var det ein gard med adelege privilegier, men det er også rike arkeologiske funn frå lengre tilbake som vitnar om at det må ha budd velhaldne folk på Hatteberg.

Slottet (14), hovudbygningen frå 1660-åra på Baroniet Rosendal, er bygd på Hatteberggarden sin grunn. Den danske adelsmannen Ludvig Rosenkrantz og den rike norske arvingen Karen Mowatt bygde det vesle steinslottet som dei kalla Rosendal. Deira gods vart baroni i 1678 og frå 1749 var det i Rosenkrone slekta si eige som stamhus. I 1927 vart stamhuset gitt i gåve til Universitetet i Oslo.

I dag er Baroniet Rosendal museum som omfattar slottet med park- og hageanlegg, Rosendal Avlsgård, Fruehuset, husmannsplassen Treo og kulturlandskapet med Omshagen og delar av Muradalen. Det som gjer Baroniet Rosendal så unikt, som eit nasjonalt og europeisk kulturminne, er plasseringa i denne mektige naturen mellom fjord, fjell, fonn og fossefall.

Den gamle renessanshagen (15), i dag med eit vell av roser, ligg sør for alleen framfor hovudbygningen.

De går så vidare nedover alleen og gjennom den romantiske landskapsparken. På venstre sida ligg Baroniet Rosendal sin Avlsgård (16) som vart etablert som eit mønsterbruk frå 1850-åra. I dag er det sauehald og stall på Avlsgården. Fruehuset (17) vart bygd i 1850-åra som eit enkesete for prestefrua på Malmanger Prestegard.

I hovudhuset på Avlsgården og Fruehuset kan besøkjande få overnatting med frukost (B&B) og servering av lunsj og middag for grupper som avtaler på førehand.

Just ahead you will find the gate to Omshagen. Omshagen is part of the Baroniet Rosendal Museum. The landscape features large stone blocks that were left by the receding ice during the great thaw some 10,000 years ago.

The gravel road twist and turns its way through the Omshagen landscape. On the left lies **Omsbrua – the Oms Bridge – (5)** which spans the river Hatteberg and leads to Rosendal Avlsgård. (Breeding Farm)

The walk continues up along Hålandsbråtet in Øvre-Omshagen. The spruce trees you can see in this steep, terraced landscape are cultivated. Floren (the milking shed), called **Skjeneflor (6)**, was used in earlier times in for milking the cows from Rosendal Avlsgård when they were set out after the winter.

On the other side of the river lies husmannsplassen Treo (Treo Cotters Farm) (7). Treo lies idyllically between the Hatteberg river and the romantic landscape park near the Baroniet Rosendal, which was created during the last half of the 18th century.

Two farms lie adjacent to Treo. These are **Gjerdet (8)**, occupying the flat area down by the river and **Fossberg (9)**, up in the heights, and the grey building at husmannsplassen (Cotters Farm) Holo near the top of **Skolten (10)**.

The mountain knoll, Skolten, lies at the mouth of Muradalen, which reaches inland between Melderskin, Laurdalstind and Malmangernuten

Hattebergfossen (11), is an important element in estate owner Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone's romantic landscape park from the 1850's. The park was planned with viewpoints of the surrounding landscape. Hattebergfossen (The Hatteberg Falls) with its rushing white waters are an important focal point of the park and the surrounding landscape.

The road up past Hattebergfossen is an old cattle trail, still used when cattle are taken to the summer pastures in Muradalen or high in the mountains.

Having made the ascent up the Hattebergfossen, the walk continues over the bridge to the other side of the valley.

At Fossbergslett in Muradalen lies Baroniet Rosendal's **Skjeneflor (12)**, which like the Skjeneflor further down, was used for milking and storing hay made from the wild grasses in Muradalen. This old milking shed is a fine granite construction with slate roofing.

You now continue on the gravel road down into the valley.

The red building on the hillside is the old Cotters Farm **Grønestølen (13)**. The building is a good example of the old building style with living accommodation, barn and milking shed all under the same roof.

Carry on along the gravel road past three of the farms at Hatteberg. Hatteberg was a large and important farm for centuries. In the middle ages the farm held royal privileges, and rich archaeological finds from earlier times indicate that the people who lived here were of high rank and richer than most.

Slottet (14), the main building from the 1660's at Baroniet Rosendal is built on Hatteberg Farm land. The Danish Nobleman, Ludvig Rosenkrantz and the well to do Norwegian heiress, Karen Mowatt built this small stone mansion which they called Rosendal. Their estate was a Barony in 1678, and was from 1749 the family residence of the Rosenkrantz. The residence was presented as a gift to the University of Oslo in 1927.

Today the Baroniet Rosendal is a museum that encompasses the mansion, its park and gardens, Rosendal Avlsgård, Fruehuset, Treo Cotters Farm and surrounding grounds including Omshagen and parts of Muradalen.

What makes Baroniet Rosendal so unique as both a National and European Heritage Monument is its location in the impressive scenery between the fjord, mountains, snowy peaks and the waterfall.

The old **renessanshagen (Renaissance Gardens) (15)**, nowadays abundant with roses, lie south of Alleen (The Promenade) in front of the main building.

The walk continues along Alleen further down through the romantic landscape park. On the left lies the **Baroniet Rosendal Avlsgård (16)**, established in 1850 as a model farm. Today, sheep are kept at the farm.

Fruehuset (17) was built in the 1850's as a widow's dwelling for the wife of the vicar at Malmanger Vicarage.

Bed and breakfast is available at both Avlsgården and Fruehuset .

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.